



Vang kommune
2975 VANG I VALDRES

Saksnr.
22/638

Journalpost
22/7706

Saksbehandlar
FRAKNU

Vår dato:
19.09.2022

Reguleringsplan for Lomen industriområde. Endring for å innarbeide flaumfaresoner med meir til uttale

Saka gjeld også endring av arealdelen til kommuneplanen, jf. seinare avsnitt.

Reguleringsplan for Lomen industriområde (0543R003) vart sist vedteken etter full endringsprosess den 27.06.2003. Seinare har det kome kart over aktsemdssoner for flaum frå NVE. Delar av planområdet med byggeområde er omfatta av slik aktsemdssone, som er innarbeida i arealdelen til kommuneplanen.




Fig. 1: Oversiktskart. Planområdet for Lomen industriområde markert med grønn omramming og raud pil. Tettstaden Ryfoss i Vang kommune ligg på andre sida av elva Begna

Postadresse:
Slidrevegen 16
2966 Slidre

Telefon:
61 34 50 00

Direkte til saksbehandlar:
Knut.Frode.Framstad@vestre-
slidre.kommune.no

Organisasjonsnummer: 961 382 157
E-post: post@vestre-slidre.kommune.no
Internett: www.vestre-slidre.kommune.no




Fig. 2: Gjeldande reguleringsplan. Utsnitt av reguleringsplanen «E16 Øylo Hålimoen» i Vang på nordsida av elva.




Fig. 3: Utsnitt av realdelen til kommuneplanen. Aktsemdssonene er innarbeida som faresone (raud skravur)

Vestre Slidre kommune har engasjert Skred AS for å kartlegge reelle flaumfaresoner. Rapporten frå Skred AS er dagsett 08.09.2022 og er å finne her: <https://innsyn.iktvaldres.no/vsk/wfdocument.ashx?journalpostid=2022007335&dokid=170305&version=1&variant=A&>.

Føremålet med reguleringsendringa er i utgangspunktet å innarbeide reelle faresoner i planen. Når vi først endrar planen fann vi også fleire høve som vi innarbeider i endringa.

Foreslåtte endringar av planen

Endra forslag til plankart og føresegner er lagt ved. Figuren nedanfor viser endringane i plankartet.




Fig. 4: Foreslått endra plankart. Føremålsgrensene i gjeldande plan er vist med oransje liner. Eiegdomsgrensar er tjukke grå liner.

Forslag til endra plankart er også å finne under arealplaner - reguleringsplan – under arbeid i www.valdreskart.no, direkte lenke: <https://tinyurl.com/2l8sahag>. Forslagsbasen blir geosynkronisert mot nasjonal base. Merk at det kan gå eit par dagar før rett versjon ligg inne, då vi hadde lagt ut ein tidlegare versjon i forslagsbasen.

Endringar i planen:

1. Plankartet og føresegnene er tilpassa ny plan- og bygningslov
2. Faresoner for flaum er innarbeidde i plankart og føresegner
3. Vegen på nordsida av industriområde A er ikkje lenger aktuell og er teke ut. Etter planen vart vedteken fyrste gong er brua lenger ned (Kvednavegen) utbetra og reguleringsplanen E16 Øylo Hålmoen i Vang vart vedteken den 25.01.2022 med avkøyning berre mot Kvednavegen, ikkje mot den regulerte traseen. Den regulerte traseen ligg også i svært sidebratt terreng og er lite eigna som tilkomstveg til industriområdet.
4. Som følge av at vegen på nordsida av industriområde A er teke ut, er det foreslått regulert inn ein veg som gir tilkomst til nordaustre delen av Industriområde A.
5. Det er foreslått regulert inn eit område for skytebane i vest. Sjølve skytebanen ligg vest for planområdet, men det aktuelle arealet er teke i bruk til skyttarhus og parkeringsplass.
6. Vegar, industriområde og massetak er justerte og tilpassa eksisterande situasjon og eigedomsgrensar.
7. Grensa mellom område for bruk og vern av vassdrag og LNFR-området er tilpassa ny FKB

8. Automatisk freda kulturminne er tilpassa sikringssonene i askeladden og avsette som bandleggingssoner.
9. Registrerte gamle tufter og steingjerde i området er sett av til angitt hensynssone
10. Nemninga når det gjeld utnyttingsgrad er endra frå TU til BYA. Det er foreslått 80 %-BYA inklusive utandørs biloppstillingsplassar medan vi beheld ei formulering om at bygg kan dekke inntil 50 %-BYA.
11. Vi har foreslått å ta ut frå føresegnene at frådelling og bygging i området skal handsamast politisk.

Vurdering

Som tilpassing til situasjon er tre tidlegare grøntområde no foreslått avsett til ulike byggeområde.



Fig. 5: Tidlegare regulerte grøntområde som no er foreslått avsett til byggeområde markert med raudt

Vi har køyrt analyseapport mot temadata i det offentlege kartgrunnlaget (DOK) for desse områda. Bortsett frå aktsemdssone flaum er det ingen konflikter.

Støy frå området for råstoffutvinning er målt av Vestoppland bedriftshelsetjeneste. I notat dagsett 12.12.2014 er det konkludert som følger: «*Resultatet etter målingene/beregningene viser at støy fra masseuttak og knusing ikke overstiger grensen på Lden 50 dB ved eksisterende tilstøtende bebyggelse som omfattes av dette kravet.*»

Endring av arealdelen til kommuneplanen

I arealdelen til kommuneplanen er alle reguleringsplanar som skal fortsetje å gjelde uendra, avsett til detaljeringssone. Lomen industriområde kunne ikkje bli avsett til detaljeringssone då arealdelen viser aktsemdssonen som faresone som overstyrer reguleringsplanen. No når reell faresone blir innarbeida i reguleringsplanen kan det bli uoversiktleg kva plan som gjeld.

Difor foreslår vi at planområdet for Lomen industriområde blir avsett til detaljeringssone og at planen ikkje viser arealføremål innan planområdet.

Prosess

Når det gjeld reguleringsendringa finn ein at dette er endringar som «i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder» og som kan handsamast etter forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14, 2. og 3. ledd.

Endringa av arealdelen blir gjennomført etter tilsvarende prosess, ei kommuneplanendring etter plan- og bygningslova § 11-17, 2. og 3. punktum.

Proessen blir då at saka blir sendt til uttale til aktuelle grunneigarar og naboar, statsforvaltaren, statens vegvesen, NVE, fylkeskommunen og Vang kommune (dette brevet). Kommunedirektøren vurderer så merknadane og fremjer sak for formannskapet som fattar vedtak i saka.

Uttaler

Uttaler til dei foreslåtte endringane og prosessane skal vere skriftlege og skal sendast som e-post til post@vestre-slidre.kommune.no eller som brev til Vestre Slidre kommune, Slidrevegen 16, 2966 Slidre. Uttalefristen er 19. oktober 2022.

Med helsing
Knut Frode Framstad
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan underskrift.